Vedtekter Norges Husflidslag

§ 1 Føremål

Norges Husflidslag er ein organisasjon som arbeider for å ta vare på og utvikle husflid og handverk kulturelt, sosialt og økonomisk.

§ 2 Verksemd

Ein søkjer å nå målet ved:

2.1 Opplæring

2.2 Konsulentverksemd

2.3 Opplysningsarbeid gjennom magasin/tidsskrift, presse, massemedia og eigne kanalar.

2.4 Utstillingar, demonstrasjonar, mønsterteneste og konkurransar

2.5 Stipend

2.6 Å fremje produksjon og sal av gode, tidsmessige husflidsvarer

2.7 Å verke til samarbeid innan organisasjonen og elles, for å fremje husflid

§ 3 Medlemmer

Medlemmer i Norges Husflidslag er:

3.1 Individuelle medlemmer organisert i lokallag og regionlag.
Medlemskategoriane er: Hovudmedlem, æresmedlem, husstandsmedlem, barne- og ungdomsmedlemmer.

3.1.1 Hovudmedlem – medlem frå det året ein fyller 26 år.

3.1.2 Husstandsmedlem – medlem som bur saman med hovudmedlem.

3.1.3 Barne- og ungdomsmedlemmer – medlem som er 25 år eller yngre.

3.2 Husflidhandverkarar som er juryert etter gitte kriterium, eller som har sveinebrev/fagbrev i relevante fag.

3.3 Husflidsbutikkar som er godkjende av styret i Norges Husflidslag etter kriterium vedtekne av landsmøtet.

3.4 Medlemskap utan stemmerett: Organisasjonar og bedrifter, skular, museum og liknande som vil støtte Norges Husflidslag.

3.5 Alle medlemmer i Norges Husflidslag skal ha høve til å påverke arbeidet i organisasjonen. Ein medlem har fulle rettar i organisasjonen frå ein har fylt 14 år. Det skal leggast til rette for at medlemmer utan stemmerett også har arenaer for medverknad.

§ 4 Utsendingar til landsmøtet

Landsmøtet består av:

4.1 Utsendingar frå regionlag, valde på regionlaget sitt årsmøte det året landsmøtet vert arrangert. Minst 3 utsendingar og maksimalt 6 utsendingar. Leiar er sjølvskriven. Dei andre vert valde på årsmøtet i regionhusflidslaga.

Fordeling:

- Til og med 799 medlemmer 3 utsendingar
- 800-1299 medlemmer 4 utsendingar
- 1300-1990 medlemmer 5 utsendingar
- Frå og med 2000 medlemmer 6 utsendingar

4.2 Inntil 5 utsendingar frå Husflidhåndverkerne i Norges Husflidslag, valde på laget sitt årsmøte det året landsmøtet vert arrangert.

4.3 Husflidsbutikkane som er medlem kan møte med 1 utsending kvar.

4.4 Ungdomsrådet møter med inntil 5 utsendingar.

4.5 Alle utsendingar med varautsendingar skal meldast til Norges Husflidslag seinast 1 – ein – månad før landsmøtet, med mindre anna er bestemt.

§ 5 Landsmøtet

5.1 Landsmøtet er Norges Husflidslags øvste myndigheit. Landsmøtet vert halde annakvart år. Styret fastset tid og stad for landsmøtet.

5.2 Innkalling til landsmøtet skjer skriftleg med minst 2 - to - månaders varsel. Sakliste, årsmelding og rekneskap med saksdokument skal være utsendt minst 1 - ein - månad før møtet.

5.3 Landsmøtet består av dei utsendingane som er nemnt i § 4.

5.4 På landsmøtet har kvar frammøtt og godkjent utsending ei stemme.

5.5 Styremedlemmer har stemmerett sjølv om dei ikkje er valde til utsendingar, men deltek ikkje i avstemming i saker som gjeld bedømming av deira eigne disposisjonar i laget.

5.6 Om tilhøva tillèt det, kan styret gi observatørar tilgang til landsmøtet med tale- og forslagsrett, men ikkje stemmerett.

5.7 Landsmøtet kan, for einskilde saker, bestemme å halde lukka møte.

5.8 Ekstraordinært landsmøte kan haldast etter avgjersle av styret eller når minst 6 regionhusflidslag krev det skriftleg, for behandling av ei bestemt nemnt sak, og då seinast innan 3 månadar etter at kravet er sett fram. Dei utsendingane som er valde til siste ordinære landsmøte, møter til ekstraordinært landsmøte.

§ 6 Dagsorden for landsmøtet

6.1 Styret fastset dagsorden for landsmøtet. Den skal omfatte:

6.1.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

6.1.2 Val av møteleiar, nestleiar, samt 2 møtereferentar og 2 representantar til å underteikne protokollen

6.1.3 Val av 3 medlemmer til fullmaktsnemnd

6.1.4 Val av minst 4 stemmeteljarar

6.1.5 Innstilling frå fullmaktsnemnda.

6.1.6 Årsmelding.

6.1.7 Rekneskap revidert av statsautorisert revisor.

6.1.8 Melding om vaksenopplæring.

6.1.9 Strategisk plan for komande 4-årsperiode skal handsamast på annakvart landsmøte.

6.1.10 Fastsetting av kontingent i samsvar med §14.

6.1.11 Budsjett for komande 2-årsperiode.

6.1.12 Val av leiar.

6.1.13 Val av styremedlemmer og varamedlemmer i samsvar med §8.

6.1.14 Val av nemnder og råd i samsvar med §13.

6.1.15 Val av revisor.

6.1.16 Val av valnemnd. 4 medlemmer som vert valde for 4 år om gongen. Ved første gongs val vel ein 2 for ei periode av 2 år. Ved stemmelikheit har leiar dobbeltstemme.

6.1.17 Landsmøtet fastset godtgjersle til tillitsvalde.

6.2 Innsending av forslag til landsmøtet:

6.2.1 Forslag til endring av vedtekter må sendast styret seinast 15. september året før landsmøtet.

6.2.2 Andre saker som ein ynskjer å ta opp på landsmøtet, må sendast til styret innan den frist styret fastset, vanlegvis 3 månader før møtet. I heilt særskilde tilfelle kan styret godta seinare innsendte forslag.

6.3 På landsmøtet handsamar ein berre dei sakene som er gjort kjent for medlemmane.

§ 7 Val

7.1 Styreleiar og styremedlemmer kan ikkje gjenvelgast etter å ha fungert samanhengande i 6 år. Ved bytte av funksjon i styret, kan ingen ha lenger total samanhengande funksjonstid enn 8 år, inkludert leiar, alle styrefunksjonar og vara. Ein medlem er valbar som styreleiar eller styremedlem på nytt etter å ha vore ute av vervet i minst to år.

7.2 Val av leiar, styremedlemmer og varamedlemmer skal skje skriftleg. Dersom det berre er ein kandidat til dei ulike verva, kan landsmøtet bestemme at valet skjer ved akklamasjon. Val skjer skriftleg dersom minst ein person krev det.

7.3 For å bli vald, må ein kandidat ha oppnådd meir enn halvparten av stemmene. Blanke stemmer tel med. Oppnår ingen dette ved første val, held ein omval mellom dei to som har flest stemmer. Står stemmene likt, avgjer ein valet ved loddtrekning.

7.4 For å inneha tillitsverv i organisasjonen må ein vere medlem.

§ 8 Styresamansetjing

8.1 Styret består av leder, 6 styremedlemmer og 4 varamedlemmer.

8.2 Ein av styremedlemmane med personleg vara veljast av og blant Norges Husflidslags tilsette.

8.3 Ved val av dei andre styremedlemmane skal valnemnda fremje ei innstilling i samsvar med instruks for valnemnda vedteke av landsmøtet.

8.4 3 varamedlemmer skal veljast i nummerert rekkefølgje.

8.5 Leiar, styre- og varamedlemmer blir valde for to år av gongen.

8.6 Styret vel nestleiar sjølv.

8.7 Minst ein medlem skal vere 28 år eller yngre når medlemmen vert vald.

§ 9 Styret sitt arbeid

9.1 Styret skal leie Norges Husflidslag sitt arbeid i samsvar med vedtektene for laget og landsmøtet sine vedtak.

9.2 Leiar kallar inn til styremøte når denne finn det naudsynt eller når 3 av dei andre medlemmane krev dette. Ved forfall til styremøte skal sekretariatet varslast slik at varamedlem kan kallast inn.

9.2.1 Det skal førast referat/protokoll frå styremøta, det skal godkjennast av dei som deltok i møtet.

9.3 Leiar representerer Norges Husflidslag utad.

9.4 Styret tilset direktør. Direktør tilset anna personale.

9.5 Styret utarbeider instruks for direktør.

9.6 Styret har ansvar for at det blir ført forskriftsmessig rekneskap og gjennomført revisjon.

9.7 Styret fremjar forslag til budsjett og strategisk plan for landsmøtet. Styret har ansvar for bruken av offentlege midlar og eventuelle legat- og fondsmidlar.

9.8 Styret forbereder og gir innstilling i saker som handsamast av landsmøtet.

9.9 Styret tildeler laget sine utmerkingar i samsvar med gjeldande retningslinjer.

9.10 Styret kan gjere gyldig vedtak når minst leiar eller nestleiar, og halvparten av dei andre styremedlemmane møter.

9.11 Er eit styrevedtak ikkje samrøystes, kan kvart av styremedlemmane krevje si stemmegiving protokollert.

9.12 Referat skal gjerast kjent for alle medlemmane når dei er godkjent.

§ 10 Arbeidsutval

10.1 Styret kan setje ned eit arbeidsutval som består av leiar og 2 av styremedlemmane.

10.2 Direktør førebur i samarbeid med arbeidsutvalet saker som skal handsamast i et samla styre.

10.3 Arbeidsutvalet kan treffe vedtak i løpande saker som må avgjerast før ein kan få halde styremøte.

10.4 Arbeidsutvalet kan gjere vedtak når leiar og ein av medlemmane er samde.

10.5 Melding om vedtak i arbeidsutvalet skal straks sendast til dei andre styremedlemmane.

§ 11 Administrasjon

11.1 Direktør har ansvar for dagleg drift og laget sine eigedelar.

11.2 Administrasjonen arbeider etter retningslinjer som styret fastset.

§ 12 Vaksenopplæring

12.1 Norges Husflidslag er medlem av Studieforbundet kultur og tradisjon.

12.2 Opplæring med støtte frå Studieforbundet kultur og tradisjon kan gå føre seg i alle medlemsgrupper i NH etter dei til ein kvar tid gjeldande retningslinjer gitt av Studieforbundet kultur og tradisjon.

12.3 Norges Husflidslag må følge dei til ein kvar tid gjeldande reglane for vaksenopplæring.

12.4 Norges Husflidslag har ansvar for at medlemmane:

12.4.1 snarast mogleg får informasjon om endringar i reglar og lover for vaksenopplæring,

12.4.2 arrangerer studietiltak i samsvar med gjeldande reglar og instruksar,

12.4.3 sender inn rapportar og rekneskap etter nærare angjevne fristar.

§ 13 Råd, nemnder og utval

13.1 Norges Husflidslag kan ha faste råd og nemnder, og midlertidige utval.

13.2 Faste råd og nemnder blir valde av landsmøtet. Arbeidsområde og retningslinjer vert fastsett av landsmøtet.

13.3 Styret kan oppnemne midlertidige utval for særskilte oppgåver.

13.4 Midlertidige utval blir valde av styret til arbeidsområde og retningslinjer fastsett av styret.

§ 14 Kontingentar

14.1 Medlemmane i lokallaga betalar kontingent direkte til Norges Husflidslag. For hovudmedlemmer, husstandsmedlemmer, barne- og ungdomsmedlemmer, og æresmedlemmer delar regionlaga og lokallaga sine delar av kontingenten etter reglar vedtatt av Norges Husflidslags landsmøte og regionlaga sine årsmøte.

14.2 Organisasjonar, bedrifter, skular, museum og liknande betaler kontingent på grunnlag av reglar vedtatt av landsmøtet i Norges Husflidslag.

14.3 Husflidshandverkarane betaler kontingent på grunnlag av reglar vedtatt av landsmøtet i Norges Husflidslag.

14.4 Husflidsbutikkane betaler kontingent etter storleiken på omsetninga basert på siste avsluttande rekneskap og utrekna etter reglar vedtekne av landsmøtet i Norges Husflidslag.

§ 15 Skilsdom

15.1 Tvistar mellom Norges Husflidslag og medlem/medlemmer skal avgjerast ved skilsdom.

15.2 Kvar av partane oppnemner ein medlem av skilsdomsretten, den tredje medlemmen, som også er leiar av skilsdomsretten, skal oppnemnast av preses i Det Kgl. Selskap for Norges Vel.

15.3 Har ein av partane, 14 dagar etter at vedkomande fekk varsel om det, unnlate å oppnemne sin skilsdomsmedlem, oppnemner preses i Det Kgl. Selskap for Norges Vel ein skilsdomsmedlem for denne parten.

§ 16 Vedtektsendringar

16.1 Vedtektsendringsforslag skal vere handsama på eit ordinært landsmøte.

16.2 Til vedtak om vedtektsendring er kravet 2/3 fleirtal.

16.3 Forslag om vedtektsendring må sendast til styret etter nærmare fastsette fristar, jfr. § 6.2.1.

16.4 Styret skal sende alle forslag angåande vedtektsendring til medlemmane i god tid før deira årsmøte - seinast 1.12. året før landsmøtet skal avviklast.

§ 17 Oppløysning

17.1 Vedtak om oppløysning kan berre gjerast ved ordinært landsmøte. Til gyldig vedtak er kravet 3/4 av dei røysteføre som møter.

17.2 Ved oppløysning skal laget sine eigendelar og rettigheiter overførast til Det Kgl. Selskap for Norges Vel til fremjing av husflid.

§ 18 Ikraftsetjing

Desse vedtektene trer i kraft frå og med juni 2026.